

# Arbeidsplan for Vestland SV 2021 – 2023

Vedteke på fylkesårsmøtet i Vestland SV 13.-14. februar 2021.

## Kap 1) For dei mange, ikkje for dei få

Vi lever i ei tid prega av mange globale kriser, og av skjerpa politiske og sosiale motsetnader. Vi treng ein ny politisk kurs i landet vårt – og vi treng det no – for å setje rettferdig fordeling og naturen si tolegrense fyrst.

Vestland SV er fylkeslaget til SV i Vestland, som skal fronte eit aktuelt sosialistisk alternativ. Vi vil vere eit verktøy og eit middel til å byggje eit solidarisk Vestland basert på verdiar som nettopp solidaritet, mangfald, anti-rasisme og feminisme, og som vil kjempe sterkt for klima og miljø. Vestland SV vil kjempe for modige og kunnskapsbaserte løysingar for klima og miljø, grøne og trygge samferdsleløysingar, ein solid distriktspolitikk, rettferdig fordeling og like reelle moglegheiter.

For å få til dette, er medlemmane våre vår aller viktigaste ressurs. Medlemmane skal kjenne seg godt ivaretekne og heime i SV. Vestland SV skal leggje til rette for læring, aktivisme og gjere det mogleg for medlemmane til å arbeide for sine hjertesaker.

Vi vil lage ein engasjerande valkamp i Hordaland og Sogn og Fjordane og setje vår politikk på dagsorden. Interessene og behova til vanlege folk og naturen si tolegrense må kome fyrst. Til det, treng vi meir sosialistisk politikk. Vi treng eit sterkt SV: For dei mange - ikkje for dei få.

## Kap 2) Førebuingar og gjennomføring av stortingsvalkampen 2021

I stortingvalet 2021 stiller Vestland SV med stortingsliste i både Hordaland og Sogn og Fjordane.

Mål: For valkrins Hordaland er målet å få inn to stortingsrepresentantar og i Sogn og Fjordane er målet å gjere så godt val at SV igjen har sjansen til å få inn ein stortingsrepresentant 20 år etter førre gong.

1) Valdagen er 13. september. Førehandsrøystinga byrjar 12. august. Vi byrjar den digitale valkampen allereie i februar og den varer til valdagen.

2) Partikontoret til SV tek utetter våren initiativ til ulike felles stønt og kampanjar. Valkampgruppa og lokallaga skal følgje opp desse så langt det let seg gjere.

3) Gjennom heile valkampen vil vi følgje smittevernsråda vi får, og tilpasse aktiviteten til det vi kan gjere. Vi skal altså planleggje for at planar kan endrast og gjennomførast på andre måtar.

4) Fylkesstyret set ned ei valkampgruppe for dei to valkrinsane.

- 5) Vestland SU planlegg og organiserer den viktige skulevalkampen i begge valkrinsane. SU ber om hjelp om dei treng det, og skal få det av fylkeslaget eller lokallaga. Vestland SU deltek med sin valkampsekretær i valkampgruppa.
- 6) Gjennom våren skal kandidatane delta i det sentrale skulerings- og førebuingssopplegget, samtidig som ein skal markere seg i media og i sosiale media, og delta i lokale opplegg hjå lokallaga.
- 7) Førsommaren 2021 blir det invitert til ei valkampsamling i Bergen.
- 8) Valkrinsen i Sogn og Fjordane vil, så langt som råd, gjennomføre fleire samlingar for kandidatar, tillitsvalde og aktivistar gjennom våren.
- 9) Det skriftlege materiellet skal vere ferdig til trykking i løpet av mai og utsendt til lokallaga før jonsokaftan i 2021.
- 10) I den operative valkampen skal valkrinsane invitere til gatefest eller andre høvelege tilskipingar som tek utgangspunkt i dåverande smittevernsråd.
- 11) Det vil minimum bli laga eit nasjonalt flygeblad, og eit flygeblad for kvar av valkrinsane som presenterer dei viktigaste sakene og kandidatane.

### **Kap 3) Digital samhandling med veljarane**

Dei siste åra har det skjedd gigantiske endringar for korleis folk i samfunnet mottek og behandlar ny informasjon. Sosiale medier har gitt oss heilt nye talerør, nye måtar å kommunisere, og nye arenaer for å fronte vår propaganda. Dersom SV skal ha ein brei oppslutning i valet 2021, kan arbeidet og korleis me fungerer i sosiale medier vere avgjerande. Det er veldig sannsynleg at Covid-19-pandemien framleis påverkar korleis me kan møte kvarandre, og møte potensielle veljarar. Difor er det denne valkampen særskild viktig at me er synlege og tydelege i korleis me opererer i sosiale medier.

#### Mål og tiltak

- 1) Vestland SV skal halde heimesida oppdatert, og syte for at viktige saker og oppdateringar vert raskt tilgjengelege.
- 2) Vestland SV skal poste jamleg på Facebook og Instagram, blant anna ved å dele delebilder frå SV nasjonalt, leserinnlegg skreve av medlem, og reaksjoner på aktuelle tema frå samfunnsdebatten.
- 3) Valkamsgruppa skal velje ansvarlege for å følge opp innlegg posta på sosiale medier i forkant av og under valkampen
- 4) Vestland SV skal styrke kompetansen til folkevalde, tillitsvalde, og kandidatar om korleis dei kan vere aktiv som politikarar i sosiale medier, blant anna ved å etablere og arrangere kurs. Vi skal spesielt byggje heiltidsfolkevalde til dette. Heiltidsfolkevalde har eit særskild ansvar for aktivitet på sosiale medier, og skal arbeide for å godt representere våre verdiar utad.
- 5) Vestland SV skal lage teksta kortvideoer med stortingskandidatane frå begge valkrinsane. Dei skal bli brukt i sosiale medier for å fronte kandidatane sjølv, samt vår politikk.

- 6) Vestland SV skal syte for at all kommunikasjon utad via video (Livesendingar, kortsnuttar, og liknande) er teksta dersom det er mogleg, og formulert slik at det er forståeleg for folk flest.
- 7) Vestland SV skal arrangere kurs for medlem i korleis drive valkamp på sosiale medier.
- 8) Vestland SV skal arrangere ein nettkampanje mot rasisme i samarbeid med antirasistisk utval.

## Kap 4) Medlem

Medlemene er bærebjelka til ein kvar organisasjon, og som eit sosialistisk parti ynskjer me å fordele makten vekk frå leiingen og ut til folket. Difor er det viktig at me alltid arbeider for å gjere Vestland SV til ein trygg møteplass for både nye og gamle medlem. Vestland SV har 31 lokallag av variert storleik og aktivitet. Dei siste åra har me hatt ein generell medlemsvekst, som me gjennom målretta arbeid vil vedlikehalde og styrke. Spesielt skal me fokusere på vekst i dei lokallaga med færrest medlem, slik at dei i større grad kan drive sjølvstendig og trygt.

Mål og tiltak

- 1) Vestland SV skal ha 2500 medlemmar innen utgangen av 2023
- 2) Vestland SV skal arbeide for 150 nye medlemmar innan utgangen av 2021.
- 3) Vestland SV skal arbeide spesielt for å hjelpe lokallag med under 30 medlem, slik at dei kan sende to delegater til fylkesårsmøte. Målet for perioden er at minst 5 av desse lokallaga skal ha meir enn 30 medlem.
- 4) Vestland SV skal følgje opp nasjonale vervekampanjer, og i tillegg lage eigne tiltak lokalt for å byggje lokallag til verving
- 5) Alle nye medlemmar skal verte oppringt og ynskja velkomen av lokallaga eller fylkeslaget seinast ein månad etter innmelding.
- 6) Alle nye medlemmar skal i løpet av det fyrste halve året bli inviterte med på medlemsaktivitet. Dersom medlemmet kjem frå ein kommune uten SV-lag kan dei koplast på eit nærliggande lokallag

## Kap 5) Lokallag

Vestland fylke har 43 kommunar. Vestland SV har 31 lokallag fordelt på 31 kommunar. Av desse lokallaga er det 29 som har representasjon i kommunestyret. Vi har 58 folkevalde i kommunestyre og bystyre, og 4 folkevalde på fylkestinget. Det er stor spennvidde i kor aktive laga er, og kor mange medlemmer dei får med seg i arbeidet. Fylkeslaget skal stø opp om arbeidet i lokallaga. Fylkeslaget skal vere med å bidra til godt arbeid i kommunane, gje ny kunnskap og invitere til samlingar som gjev inspirasjon til fornya innsats og politisk gjennomslag.

Mål: I 2023 skal fylkeslaget ha 35 lokallag med 35 kommunestyrelister.

- 1) Fram til 2023 skal vi starte opp 4 nye lokallag.
- 2) Kwart lokallag har ein eigen fadder i fylkesstyret og skal bli følgd opp av faddereren.

3) Fylkesstyret skal invitere til jamlege felles nettmøte med lokallaga. Før stortingsvalet vil det handle om førebuingar og gjennomføring av valkamp. Etter valet vil det handle om å markere SV i budsjettarbeidet i kommunane, og å drive god organisasjonsoppfølging etter valkampen. Eit årshjul vert sett opp tidleg i perioden.

4) Lokallaga skal få tilbod om skulering, oppfølging av folkevalde og få besøk fysisk eller i digitalt møte minst ein gong i året.

5) Nye lokallagsleiarar (og lokallagsstyremedlem) skal få tilbod om å delta på nettmøte med opplæring i styrearbeid for lokallag.

6) Alle lokallag skal få tilbod om styreskolering innan ein måned etter lokallagets årsmøte

7) Det er et mål at SV lokallag som har SU-lag eller SU-medlemmer innad sitt geografiske område skal aktivt involvere SU-ere i sin lokallagsaktivitet, og om aktuelt, lokalpolitiske saker.

## Kap 6) Utval og nettverk

Sentralt i eit parti står politikktutvikling, debatt, samhald og inkludering. Utvala og nettverka kan spele ei viktig rolle på alle desse områda. Eit godt utval kan lage og vidareutvikle politikk, leggje til rette for debatt samt sikre samhald og inkludere både nye og gamle medlemmer. Fylkesstyret og fylkeslaget skal difor syte for gode og aktive utval gjennom perioden.

Alle utval

1) Fylkesstyret set ned utval og skal følgje opp utvala og nettverka, mellom anna ved at fylkesstyremedlem er representert i alle utvala.

2) Utvala har som oppdrag å skulere på seminar og fellesmøte, skape og vidareutvikle politikk i tillegg til å utvikle og formidle kunnskap på einskildfelt.

3) Utvala skal i framkant av val setje seg inn i relevante dokument for fagområda sine. Framfor stortingsvalet til hausten skal dei setje seg inn i dei ulike delane av arbeidsprogrammet til SV 2021-2025, og drøfte korleis dei kan bidra i valkampen.

4) Alle utvala skal fremje sitt politiske område både i samfunnet og i partiet. Til dømes ved å skrive lesarinnlegg, utvikle politikk og skulere fylkeslaget samt anna profilering.

Fylkesstyret skal vurdere å opprette et Skeivt Utvalg, og leverer eventuelt forslag om dette til årsmøtet 2022.

### Kvinnepolitisk utval

Noreg er kome langt i jamstillinga, men vi er framleis ikkje jamstilte. SV skal setje feminismen på dagsorden både i og utanfor partiet.

1) Det er eit mål at så mange som mogleg frå SV skal delta på 8. mars, og i Bergen skal kvinneutvalet saman med Bergen SV bidra til mobilisering til Kvinnefestivalen i Bergen.

2) Utvalet skal ta initiativ til å vere medtilskipar på minst eitt arrangement.

3) I framkant av 8. mars skal utvalet oppmode og bidra til lokallaga er aktive lokalt.

4) Utvalet skal jobbe aktivt for at kvinne stiller til verv i partiet og som folkevalde.

### Miljøpolitisk utval

På kort tid må vi vri om økonomien ved å bygge grøn industri og utvikle grøn teknologi her på Vestlandet.

- 1) Utvalet skal ta ei leiarrolle i arbeidet med grøn ny deal og skulere partiet på området. Utvalet skal følge aktuelle miljøpolitiske saker og markere partiet i viktige saker.
- 2) I samband med miljødagen 5. juni skal utvalet oppmode lokallaga om å lage aktivitet.
- 3) Utvalet skal ta kontakt med nokre av miljø-fagmiljøa og utvikle politikk basert på kunnskapen derifrå.

### Fagleg utval

SV høyrer til i arbeidarrørsla saman med fagforeiningane. Saman kjempar vi for eit meir rettferdig samfunn og difor er tett samarbeid viktig.

- 1) I perioden skal utvalet fremje fagleg politikk både i og utanfor partiet. Til dømes gjennom å skrive debattinnlegg i tillegg til anna profilering.
- 2) Utvalet skal søkje å samarbeide med Bergen SV om det faglege arbeidet.
- 3) Utvalet skal drive nettverksbygging og søkje å kople saman SV-arar som er tillitsvalde i fagrørsla.
- 4) Utvalet skal i framkant av 1. mai syte for og oppmode til lokallagsaktivitet.
- 5) Eit mål for utvalet skal vere å aktivt gje innspel til, skulere om og vidareformidle saker i partiet på feltet.
- 6) Utvalet skal ha jamleg kontakt med dei leiande fagforeiningane og delta på samlingar.

### Distriktpolitisk utval

SV vil ha levande bygder og byar og vi skal syte for berekraftige lokalsamfunn også i framtida.

- 1) Utvalet skal halde fram med å vere eit samlepunkt for SV-arar som er engasjert i dette saksfeltet.
- 2) Distriktpolitisk utval skal saman med fylkesstyret ta ei offensiv rolle i utviklinga av politikk som styrker distrikta, folkestyre og lokaldemokratiet.
- 3) Eit mål for utvalet skal vere å aktivt gje innspel til, skulere og vidareformidle saker i partiet på feltet. Både Sogn og Fjordane og Hordaland har mange små lokalsamfunn, og utvalet skal difor syte for at Vestland SV bidreg til politikktutviklinga på feltet nasjonalt.

### Antirasistisk utval

Nordmenn finst i alle fargar og formar. Likevel ser ein framleis rasisme og mangel på representasjon.

- 1) Utvalet skal fremje anti-rasistisk politikk både i og utanfor partiet. Til dømes gjennom debattinnlegg i tillegg til anna profilering.
- 2) Utvalet skal aktivt utvikle anti-rasistisk politikk og knyte band med andre anti-rasistiske organisasjonar.

3) Utvalet skal vere med å bidra til å ta imot og inkludere folk med minoritetsbakgrunn i partiet.

4) Antirasistisk utval skal jobbe aktivt for at SV-arar med minoritetsbakgrunn nominerast høgt på vallister og veljast til viktige verv i partiet.

### Utdanningspolitisk utval

Utvalet skal utvikle politikk på utdanningsområdet, frå barnehage til høgskule/universitet og innan etter- og vidareutdanning.

Utvalet skal arbeide for SV sin politikk på området og markere SV sin politikk og søkje å påverke både lokalt, i fylket og nasjonalt.

Utvalet skal gje råd og innspel til arbeidet i kommunane og i fylkeskommunen, mellom anna til SV sitt medlem i hovudutvalet for opplæring og kompetanse.

Utvalet vert leia av Åsmund Berthelsen som er nestleiar i hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune.

### Internasjonalt utval

Internasjonal solidaritet og internasjonal politikk er eit viktig politikkkfelt for SV.

1) I løpet av året skal fylkesstyret søkje å lage eit Internasjonalt utval i Vestland SV. Målet er å samle folk som har interesse og arbeidslyst for dette politikkkfeltet.

2) I første omgang er det eit mål å skape aktivitet til internasjonale politikk knytt til stortingsvalkampen.

3) Utvalet skal halde kontakt med internasjonalt utval sentralt.

## Kap 7) Rekruttering

Det er eit mål å utvide partiet vårt med mange og fleire ulike menneske med ulike bakgrunnar og perspektiv. Det gjev brei representasjon og sørger for at vi gjev fleire ulike, viktige perspektiv eit rom der dei blir høyrde og lytta til. Nokre grupper må vi kanskje arbeide systematisk for å tiltrekkje oss. Vi ynskjer å nå ut til fleire minoritetar, og få dei til å bli medlemmer og aktive i partiet. Spesielt i distriktslaga våre vil vi nå ut til fleire unge vaksne, og fagorganiserte.

1) I samarbeid med utvala våre, skal fylkesstyret invitere målretta når det er høvelege tilskipingar.

2) I arbeidet i framkant av listestilling til kommune- og fylkesting og Stortinget, er det særst viktig å få fleire frå dei gruppene vi ynskjer å rekruttere inn på våre samlinger.

3) Fylkesstyret skal saman med antirasistisk utval, dei andre utvala og lokallaga arbeide for å finne kandidatar med bakgrunn frå underrepresenterte grupper.

## Kap 8) Skulering og debatt

Gjennom valkampåret 2021 er det viktig å bruke alle høve til skulering av dei viktigaste valkampsakene. Det viktigaste er at kandidatane kan saksfelte, men det er også svært viktig at aktivistane er trygg på argumentasjonen for dei viktigaste sakene våre.

- 1) Våren 2021 er det viktig at alle skulering og debatt handlar om å gjere oss betre til å drive og vinne valkampen.
- 2) Hausten 2022 vil Vestland SV søkje å få til ein felles ideologikonferanse saman med lokallaga etter mal frå tidlegare.
- 3) Vestland SV si fylkestingsgruppe har ambisjon om å bidra til skulering gjennom seminar og konferansar knytt til fylkestingsarbeidet og større overordna debattar. I samarbeid med fylkesstyret vil ein saman med fylkestingsgruppa skipe til heil- eller halvdags-seminar om aktuelle emne kvart år.
- 4) For å gjere terskelen for å delta så låg som mogleg, skal Vestland SV nytte nettmøte for å skulere nye medlemmer, til dømes med eigne nettmøte som tek føre seg emne knytt til sentrale og aktuelle debattar.

## Kap 9) Kampanjar og merkedagar

Både valkampgruppa, fylkesstyret, lokallaga og utvala skal bidra til valkamparbeidet gjennom våren og valkampen til hausten

- 1) Merkedagane 6. februar, 8. mars, 1. mai og miljødagen 5. juni, Hiroshimadagen 6. august og FN sin internasjonale dag for å avskaffe vald mot kvinner, 25. november, skal vere synlege i sosiale media, og det er eit mål at alle lokallaga bidreg til aktivitet i sin kommune desse dagane.
- 2) Vestland SV skal delta og støtte opp om Pride-arrangement over heile fylket. Alle tillitsvalde må bli minna på å bruke slike merkedagar og kampanjar til verving av nye medlem.

## Kap 10) Opplæring og oppfølging av folkevalde

Vestland SV er representert med folkevalde i fylkestinget og i 29 kommunar med til saman 58 folkevalde. Tre av desse er heiltidsfolkevalde: Marthe Hammer i Vestland fylkesting, og Mikkel Grüner og Diane Berbain i Bergen bystyre. Tre er varaordførarar: Vibeke Johnsen i Sogndal, Jan Olav Fretland i Lærdal og Kjartan Haugsnes i Vaksdal.

- 1) Folkevalsansvarleg i fylkesstyret utarbeider saman med fylkesstyret ein årsplan for nettmøte med folkevalde jamt fordelt utetter året. Nettmøta skal byggje nettverk mellom dei folkevalde, utveksle idear og erfaringar, og gje inspirasjon til vidare arbeid.
- 2) Det er eit mål å finne fellessaker som vi kan profilere saman i mange eller alle kommunestyre samtidig. På eit felles digitalt nettmøte etter fylkesårsmøtet, kvart år, avgjer dei folkevalde kva som skal vere årets kampanje for SV-representantane, og desse sakene blir drøfta vidare på dei faste nettmøta for folkevalde.

- 3) Fylkeslaget skal saman med gruppeleiar på fylkestinget og dei andre folkevalde bidra organisatorisk til denne felles saka.
- 4) Kvar haust skal budsjettarbeid vere eit viktig emne for desse nettmøta.
- 5) Fylkesstyret skal sørge for at dei som sit åleine og/eller er heilt nye i rolla som folkevalde for SV blir følgt opp av ein eigen fadder.
- 6) Fylkeslaget har ansvar for å informere dei folkevalde om møte og samlingar dei folkevalde kan ha nytte av å delta på.
- 7) Fylkeslaget skal lage og mobilisere til ei folkevald- og lokallagssamling der dei folkevalde er spesielt inviterte på hausten kvart år.

## **Kap 11) Førebuingar og gjennomføring av kommune- og fylkestingsvalkampen 2023**

I november 2021 vert det arrangert eit eige listestillingsmøte mellom fylkesstyret og dei lokale laga. I dette møtet vert det analysert kva som er utgangspunktet for listestillingsarbeidet i Vestland SV, kor langt vi har kome i partibyggingsprosjektet og kva lag eller kommunar som krev størst innsats for å sikre ei god SV-liste. På bakgrunn av drøftingane vert det laga arbeidsfordeling og plan for listestillingsarbeidet i kommunane.

- 1) Fylkesårsmøtet i 2022 vel nominasjonsnemnd til fylkestingsvalet, og drøftar mål og arbeidet med listestillingsarbeidet gjennom året.
- 2) Fylkesårsmøtet set ned ein komité som skal førebu arbeidet, gjerne inkludere så mange som råd i partiet i drøftinga av nytt program, og skrive framlegg til nytt fylkestingsprogram for Vestland SV.
- 3) Det blir laga eigne skuleringssamlingar gjennom året med sikte på å tryggje aktuelle kandidatar til å stille på liste for SV.
- 4) For å førebu fylkeslaget på kommunevalkampen og fylkesvalkampen skal fylkesstyret setje ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide ei organisatorisk dreiebok for dei to valkampane. Denne skal vere klar til nominasjonsmøtet og fylkesårsmøtet i februar 2023.
- 5) Den organisatoriske dreieboka skal gje ei forventningsavklaring til kva som er forventa av lokallaga, lokale kandidatar, fylkesstyret, fylkeskontoret og fylkeskandidatane.
- 6) Etter nominasjonsmøtet vert det sett ned ei valkampgruppe som utarbeider valkampstrategi med utgangspunkt i det nye fylkestingsprogrammet og den organisatoriske dreieboka.
- 7) Våren 2023 skal fylkesstyret invitere til eit eige nettmøte om korleis førebu seg til forhandlingar etter valet. Det skal lagast ei eiga ressursgruppe som skal gje hjelp til dei som treng det i forhandlingane etter kommunestyrevalet.
- 8) Fylkesstyret skal saman med gruppeleiar på fylkestinget og dei andre folkevalde bidra organisatorisk til denne felles saka. Førsommaren 2023 blir det invitert til ei større valkampsamling for alle kandidatar, tillitsvalde og dei som ynskjer å bidra i valkampen.
- 9) Det skriftlege materialet skal vere ferdig til trykking før jonsokaftan i 2023.



10) Fylkeslaget, fylkeskandidatane, lokallaga og dei lokale kandidatane er klare til aktiv valkamp frå 1. august.

11) Fylkeslaget skal invitere tidleg hausten 2023 til ei folkevaldssamling der alle folkevalde vert inviterte. Opplæringa skal fyrst og fremst handle om basisopplæring for å kome i gang med kommunestyrearbeid, som sakshandsaming, kotyme i kommunestyre, korleis ein kjem med forlegg til vedtak, korleis ein arbeider med økonomi og budsjettarbeid.

## Kap 12) Samarbeid med SU

Eit sterkt SU styrker partiet vårt. Ungdomane i Vestland SU er svært viktige for SV og eit godt samarbeid gjer oss betre. SU med sine mange unge, engasjerte og erfarne aktivistar ber skulevalkampen, og gjer dessutan eit avgjerande valkampbidrag for partiet.

1) Fylkesleiar skal to gongar i året invitere til samarbeidsmøte mellom leiinga i Vestland SV og Vestland SU. Dersom det er naudsynt blir det teke initiativ til fleire. Utover dette skal leiinga søkje å halde god kontakt og informere kvarandre.

2) SU organiserer skulevalkampen og ber om hjelp frå SV om det trengst.

3) SU deltek med valkampsekretær som observatør i valkampgruppa til SV.

4) SU deltek på fylkesårsmøta med sin eigen kvote og har også eigne representantar i ulike nemnder. I tillegg vert Vestland SU inviterte til seminar og samlinga i Vestland SV. Dette er viktig for å bli kjent med kvarandre, dele erfaringar og å lære av kvarandre.

5) Det er viktig å halde fram med å invitere rutinerte SU-arar til å halde formøte.

## Kap 13) Økonomiarbeid

Grunnlaget for godt organisasjonsarbeid er ein solid og sunn økonomi. Fylkesstyret skal sørge for å ha budsjettkontroll, og samtidig søkje å finne nye inntekter gjennom året.

For å sikre at medlemmene kan delta i partiaktivitetane uavhengig av privat økonomi, skal Vestland SV i fellesskap søkje å halde deltakarpengar så låge som råd. Ei rekkje aktivitetar skal alltid vere gratis.

Rettesnora i økonomiarbeidet er å sikre forsvarleg drift og at ein lukkast med måla i arbeidsplanen. I denne perioden er det ikkje noko mål om huskjøp som krev oppbygging av eigenkapital.